

Til Ordførar, Rådmann, Teknisk sjef, Brann- og feiarmester i kommunen

Dato: 04.02.2015

Vår ref.: 2014/348-6

Saksbehandlar: karnybo

## Forbod mot fyring med fossil olje i hushald og som grunnlast elles frå 2020

I Klimaforliket i 2012 blei det varsla om eit forbod mot fyring med fossil oljefyr i hushald og som grunnlast i andre bygg frå 2020. For offentlege bygg er fristen 2018. Fleire kommunar har sidan 2008 samarbeidd med Naturvernforbundet i Hordaland i prosjektet «oljefri.no» for å fase ut oljefyring og fjerne oljetankar i Hordaland. Prosjektet er òg eit tiltak i handlingsprogrammet til Klimaplan for Hordaland. No ønskjer vi å formidle røynsler og gjere det lettare å redusere oljefyring i fleire kommunar. Vi har difor utforma eit skriv med forslag til framgangsmåte for kommunen for å redusere fyring med fossil olje, vedlagt.

Klima- og miljøministeren fekk i mars 2014 rapporten «Faglig grunnlag for videreutvikling av den nasjonale og internasjonale klimapolitikken»<sup>1</sup> frå Miljødirektoratet. **Rapporten viser at det er naudsynt** å kutte klimagassutsleppa i Norge med 760.000 – 1,15 millionar tonn gjennom kutt i oljefyring - både i hushald og som grunnlast i andre bygg.

Forbodet mot oljefyring vil redusere utsleppet av klimagassar, men den attverande oljetanken er òg ein fare for miljø og sikkerheit. Det ligg alltid noko olje igjen i tanken etter vanlig drift og ein ståltank vil ruste.<sup>2</sup> Forsikringsselskap ser årleg 100 slike lekkasjar, og at det ligg rundt 60 000 nedgravne oljetankar i landet. Dei fleste er under 3200 liter. Risikoien for oljelekkasje blir redusert når oljetanken blir forsvarleg tatt hand om, og fjerna om han ikkje er i bruk.

Ein oljetank er eigar sitt ansvar uansett storleik. Kommunen er forureiningsmynde ved lekkasje frå nedgravne oljetankar, og skal sørge for nødvendig beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som kan inntrefte eller medføre skadeverknader innan kommunen.<sup>3</sup> Kommunen er òg delegert mynde til å føre tilsyn med oljetankar. Miljødirektoratet har nylig anbefalt Klima- og Miljødepartementet at kommunane sitt ansvar knytt til forskrifter og alle typar nedgravne oljetankar vert klargjort.

Tek kommunen ansvaret knytt til nedgravne oljetankar på alvor, vil dette arbeidet ikkje berre hjelpe med å redusere faren for oljelekkasjar og påfølgjande forureina grunn, men også hjelpe kommunen i sitt arbeid med å redusere utslepp av klimagassar.

Enova gir støtte til fjerning av nedgravne oljetankar og oljefyrte eldstader og anlegg. Den nye ordninga, Enovatilskuddet, er rettighetsbasert og støtta vert utbetalt etter innsending av dokumenterte kostnader.

Vi vil gi kommunar som har redusert utsleppa ein takk for innsatsen. Har dykkar kommune fjerna all fossil oljefyring, eller vert fossil olje berre brukt som topplast, kan innsatsen kvalifisere til eit Oljefri-diplom. På [www.oljefri.no/bolig/oljefri-diplom/](http://www.oljefri.no/bolig/oljefri-diplom/) finn de meir informasjon.

Tom-Christer Nilsen  
Fylkesordførar  
*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Nils Tore Skogland  
Leiar, Naturvernforbundet Hordaland

<sup>1</sup> <http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M133/M133.pdf>

<sup>2</sup> Veritas har anslått at ståltanker har ein maksimal levetid på 30 år.

<sup>3</sup> Forureingingslova § 43. Heile lova: <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>